Utdanningsforbundet
Øygarden

# Sakliste valmøte - val av hovudtillitsvalde

## Opning ved lokallagsleiar

## Sak 1 Konstituering

### 1.1 Godkjenning av innkalling

Kunngjering av valmøte og førebels sakliste vart sendt ut per mail 10. januar
Innkalling og dokument vart sendt ut 21.02.25

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**
*Innkallinga vert godkjend.*

### 1.2 Val av ordstyrarar

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**
*Hallgeir Atle Dale og Nina Zandstra vert valde som dirigentar/møteleiarar.*

### 1.3 Val av referent

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**
*Christel Brown vert vald som referent.*

### 1.4 Sakliste

Opning ved lokallagsleiar
**Sak 1 Konstituering**
1.1 Godkjenning av innkalling
1.2 Val av dirigentar/møteleiarar
1.3 Val av referent
1.4 Sakliste
1.5 Val av protokollunderskrivarar
1.6 Godkjenning av møtereglement
1.7 Godkjenning av valreglement
1.8 Val av møtefunksjonærar

Utdanningsforbundet
Øygarden

Sak 2 Val av hovudtillitsvalde

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
*Saklista vert godkjend.*
1.5 Val av protokollunderskrivarar
Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
*Janne Weideman og Kari Berge Stadsnes vert valde som protokollunderskrivarar.*

1.6 Godkjenning av møtereglement
Forslag til møtereglement for valmøte

- Dirigentane / ordstyrarane opnar og leiar møtet.
- Dei som ønsker ordet, gjev melding om dette ved å visa nummerskilt
- Taletida er sett til tre minuttar. Replikkar eitt minutt. Saksinnleiarar og medlem frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gje saksopplysingar.
- Dei som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.
- Alle forslag skal være levert skriftleg og gjort kjend før strek vert sett.
- Nye forslag kan ikkje fremjast i ei sak etter at strek er satt.
- Ved votering er forslaget som får flest stemmer vedtatt. Dersom forslag får likt tall stemmer, skal det føretakast loddtrekning. Personval vert regulert av valreglementet.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
*Møtereglementet vert godkjent.*

1.7 Godkjenning av valreglement
Valreglement for valmøte ved val av hovudtillitsvalde
Det er §16 i vedtektene som regulerer val av HTV.

**§16.1:** Tillitsvalde etter hovudavtalane blir normalt valde av og blant medlemmane innanfor gjeldande avtaleområde ved den enkelte verksemda (kommune, fylkeskommune, statsetat o.a.) og driftseininga

Alle val er skriftlege. Dirigentane kan likevel, i samråd med valmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er andre forslag.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått av valnemnda eller vert fremja i årsmøtet (benkeforslag). Kandidatane må ha sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.

**Kandidatar som det er fremja forslag på, er:**

- Forslag frå valnemnda -
- Eventuelt kandidatar som vert føreslegen under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

**Gjennomføring av vala på valmøtet**

Vala gjennomførast i den rekkjefølge som kjem fram i nummereringa nedanfor:

**1. Val av HTV 1**

Valt først og ved særskilt val. Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er valt. Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, skal det haldast nytt val mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir satt opp etter stemmetal. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val blir halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet vert følgd til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to gjenståande kandidatane, er den som har fått flest stemmer valt.
Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, vert det trekt lodd mellom kandidatane.

2. Val av HTV 3

Her gjelder dei same valreglane som i punkt 1 *Val av HTV 1.*

3. Val av vara HTV Grunnskule

Her gjelder dei same valreglane som i punkt 1 *Val av HTV 1.*

- Val av vara HTV

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Valreglementet vert godkjent.*

1.8 Val av møtefunksjonærar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Aud Karin Oen, Merethe Ingebrigtsen, Kari Lønningen og Hege Beathe Haatuft Hagen.*

## Sak 2. Val av hovudtillitsvalde

Val av Hovudtillitsvald 1

Valnemnda si innstilling: Vibecke Hodnekvam

Forslag til vedtak:

Som HTV1 vert Vibecke Hodnekvam vald for 2 år

Val av hovudtillitsvald 3

Valnemnda si innstilling: Cathrine Olsen

Forslag til vedtak:

Som HTV3 vert Cathrine Olsen vald for 2 år.

Val av 1. vara hovudtillitsvalde

Valnemnda si innstilling: Siw Nancy Fjæreide

Utdanningsforbundet
Øygarden

Forslag til vedtak:

Som vara HTV vert Siw Nancy Fjæreide vald for 1 år.